

Torgeir Andvik
Vikanesvegen 66
5994 VIKANES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8013 - 23/39892

Saksbehandlar:
Mikkel Bengtsson
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:
25.05.2023

Avslag på søknad om skadefelling av hjort, gbnr. 219/2, Vike

Administrativt vedtak: Saknr: 543/23

VEDTAK:

Med heimel i naturmangfaldlova § 18 fjerde ledd gjev Alver kommune med dette grunneigar Torgeir Andvik, gbnr. 219/2, Vike avslag på skadefelling av hjort.

Saka gjeld:

Torgeir Andvik søker i brev dagsett 16.05.2023 om løyve til skadefelling av hjort på gbnr. 219/2.

Det er tredje året at ei gruppe på 3-8 hjortar beiter på innmarka heile døgnet, trots utmarka er godt i gong med spiring til om lag 200moh.

Søkjar har forsøkt å med skadeforebyggande tiltak som skremsel, gjerde og manuell skremming utan å stanse eller tilfredsstillande redusere skadesituasjonen.

Der søkjast om uttak av ei ungdyr/ kalv som start og etterfølgande vurdere effekten.

Gbnr. 219/2 hører unner Vike hjortevald 4631V0081.

VURDERING:

Beiting av hjort påfører jordbruksbetlege økonomiske tap mange stader i kommunen, og utgjer likeins ei vesentleg hindring for kvalitetsmessig forsyning av skog og oppfylling av forsyningsplikten i skoglovas § 6. Den kan i tillegg utvikle seg til ei fare for naturmangfaldet gjennom overbeiting.

Kommunen vurderer at brorparten av skade på landbruk er kombinasjonen mellom grasproduksjonsareala i god drift og ein lokal for høg bestand av hodyr med lav reproduksjonsrate. Hjortebestanden er levekraftig, men med ei skeiv kjønnssamansetting og fallande slaktevekt blant kalv.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Naturmangfaldlova § 18 fjerde ledd gje kommunen rett til å gje løyve til uttak av hjortevilt som gjer skade på objekt definert i § 18 første ledd bokstav b.

Prinsippa i Naturmangfaldslova §§ 8-12 skal leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde, jamfør Naturmangfaldslova § 7.

Prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg veklagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Landbrukskontoret vurderer kunnskapsgrunnlaget om hjortebestanden som middels. Hjortebestanden i kommunen er robust og skadefelling har ikkje negativ innverknad på bestanden.

Administrasjonen er dessverre nøydd til å gje avslag på søknad da skadelidde ikkje har utnytta jaktretten sin dei to siste jaktsesongar. Skadeproblemet har kunna løysast/ vert redusert med ei effektiv avskyting i ordinær jakttid.

Administrasjonen er vitende om den igangverande jordskiftesak/ konsesjonssak som internt i Vike hjortevald har skapt så store spenningar mellom grunneigarar, at hjortejaka har vert totalt lukka ned i jaktsesong 2021 og 2022.

I vurderinga etter naturmangfaldslova § 18 kan ein ikkje leggja vekt på årsaka korfor jaktretten ikkje har vert utnytta. Kunnt at den ikkje har vert utnytta.

Torgeir Andvik har sjølvstendig tatt ansvar for den lokale forvaltning av hjort både som vald leiar av Vike hjortevald og at hjortevaldet er medlem av Alver/ Masfjorden bestandsplanområde. BPO 40 fik ny plan for 2022-2024. Tildelinga til Vike hjortevald ble auka med 25% for å redusere bestanden av hjort og dette gjer denne sak/ situasjon enda meir frustrerande.

Kommunen gjev telefonisk avslag på søknad fredag 19.05.2023 såleis grunneigar kunne oppjustere/ forsette dei skadeforebyggande tiltak.

Regelverk

LOV 2009-06-19-100 Lov om forvaltning av naturens mangfold.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvært.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/39892

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Mikkel Bengtsson
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Torgeir Andvik

Vikanesvegen 66

5994 VIKANES